

Skogskolen



KONGERIKET NORIGS

GRUNNLOV,

GJEVI

I RIKSMØTET PAA EIDSVOLL DEN 17DE MAI 1814

OG,

MED TILFØRE AV

SAMBANDET MILLOM NORIGS RIKE
OG SVERIKS RIKE,

NÆRMARE FASTSETT PAA NORIGS UMFRAM-STORTING
I KRISTIANIA DEN 4DE NOVEMBER 1814,

MED SEINARE BRIGDE OG TILLEGG
TIL 17DE/25DE APRIL 1903.

(UMSETT PAA NYNORSK ETTER VEDTAK AV
JUSTITSDEPARTEMENTET)

KRISTIANIA
PRENTA HJAA GRØNDahl & SØN.
1903



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket



Grunnlov fyr Norigs rike.

A.

Um styringsformi og trudomen.

§ 1. Kongeriket Norig er eit fritt og sjovstendigt rike, som ikkje kann verta skift elder avhendt; det er sameint med Sverik under ein konge. Styringsformi er avgrensa og erveleg monarkisk.

§ 2. Den evangelisk-lutherske læra held ved aa vera riksreligion. Dei innbyggjaranne, som vedkjerner seg til den trui, er skyldige aa fostra upp borni sine i henne. Jesuitar vert ikkje tolde.

B.

Um den utovande magti, kongen og kongehuset.

§ 3. Den utovande magti er hjaa kongen.

§ 4. Kongen skal alltid vedkjenna seg til den evangelisk-lutherske trui, vara og verja henne.

§ 5. Kongen sjølv er heilag; han kann ikkje verta lasta elder tiltala. Raadet hans ber andsvaret.

§ 6. Ervefylgja er rett nedstigande, men berre paa mannssida, soleis som ho er fastsett i trunfylgjeskipnadene fraa 26de september 1810, som dei svenske riksstandi hev vedteke og kongen stadfest, og som i umskrift vert vedlagd denne grunnlovi.

Til dei, som hev erverett, vert og den ufødde rekna, og so snart han kjem til verdi, etter faren er avlidn, tek han straks det romet, som høyrer seg til i ervefylgja.

Naar ein prins vert fødd, som er arvboren til Norigs og Sveriks sameinte krunur, skal namnet og fødingstidi hans verta kunngjorde fyrst storting og innskrivne i møteboki.

§ 7. Er ingen arvboren prins til, kann kongen fyreslaa sin ettermann samstundes fyr Norigs storting og fyr Sveriks riksstand. So snart kongen hev sett fram forslaget, skal kvart folks riksting millom sine eigne menn velja ei nemd med rett til aa avgjera valet, um ikkje kvart folks riksting serskilt med roystefleirtal samtykkjer i forslaget fraa kongen.

Ei lov, som kongen fyreslær samstundes fyr næste storting og fyr Sveriks riksstand, gjev fyresegn um talet paa nemdarmennerne — av desse skal det vera like mange fraa kvart rike — og um framferdi ved valet. Av heile nemdi gjeng det ut ein etter lütkasting.

§ 8. Ei lov, som vert gjevi etter semje millom Norigs storting og Sveriks riksstand, gjev fyresegn um, kor gamall kongen skal vera, naar han vert myndig (lagalderen); kann dei ikkje verta samde, gjev ei nemd, som rikstingi fyr baae land v  l, denne fyresegni etter skilordi ovanfyre i § 7.

So snart kongen hev naatt lagalderen, segjer han ifraa offentleg, at han er myndig.

§ 9. So snart kongen er myndig og tek ved riksstyret, gjer han denne eiden fyr stortinget: »Eg lovar og sver, at eg vil styra kongeriket Norig i samh  ve med grunnlovi og loverne; so sant hjelpe meg Gud og hans heilage ord!«

Ei ikkje noko storting samla paa den tidi, vert eiden skriven og nedlagd i riksraadet, og kongen tek daa høgtideleg uppatt eiden paa fyrste storting, anten munnleg, elder skriftleg ved den, han dertil set.

§ 10. Naar kongen hev vorte myndig, vert han krynt og salva i domkyrkja i Trondheim paa den tid og etter den ceremoni, som han sj  lv fastset.

§ 11. Kongen held til i Norig ei tid kvart aar, um ikkje vigtige hindringar møter.

§ 12. Kongen v  l sj  lv eit raad av norske borgarar, som ikkje er yngre enn 30 aar. Dette raadet skal vera samansett av two riksministrar og minst sju andre raads-herrar.

Kongen skifter gjeremaali millom dei, som er i riksraadet, soleis som han held t  nleg. Til aa taka s  te i riksraadet kann kongen, elder naar han er burte, riksministeren saman med riksraadarne, i usedvanlege h  ve tilkalla — umfram dei vanlege raadarne — andre norske borgarar, men ingen stortingsmann.

Far og son elder two bror kann ikkje samstundes hava s  te i riksraadet.

§ 13. Fyr den tid, kongen er burte, yverl  t han i dei h  ve, han sj  lv segjer fyre, det indre riksstyret til den

eine riksministeren saman med minst fem av dei andre, som er i riksraadet.

Desse skal fora styringi fyr kongen og i hans namn. Dei skal ubrigdeleg fylgja baade fyresegnerne i denne grunnlovi og dei serskilde forskrifterne, som kongen i samhøve dermed gjev dei i fyresetnad. Um dei sakerne, dei soleis gjer av, skal dei i lydskyldnad senda kongen fraasegn.

Sakerne vert avgjorde ved roystegjeving; stend roysterne likt, hev riksministeren, elder um han er burte, den fyrste riksraaden two royster.

§ 14. [Hev halde upp aa gjelda ved grunnlovbrigde fraa 30de/30de juni 1891].

§ 15. Naar kongen held til i Sverik, skal den eine riksministeren og two riksraadar allstodt vera hjaa honom; dei two riksraadarne vert umbytte kvart aar.

Dei hev same skyldnaden og same konstitutionelle andsvaret som styringi i Norig (nemnd i § 13), og i deira nærvære aaleine skal kongen taka avgjerd um dei norske ærend.

Alle soknader fraa norske borgarar til kongen skal først verta inngjevne til den norske styringi og faa hennar umtenkning, fyrr dei vert avgjorde. Til vanlegt maa ingi norsk sak verta avgjord, utan styringi i Norig er hoyrd, aa segja um ikkje vigtige hindringar skulde gjera dette rnaadlaust.

Riksministeren maalbèr sakerne og vert andsværleg fyr det, at ekspeditionarne samstavar med dei vedtak, som er gjorde.

§ 16. Kongen skipar all offentleg kyrkjeteneste og gudsteneste, alle stemnur og møte um trudomssaker, og ser til, at dei offentlege trudomslæraranne fylgjer dei fyresegnerne, som er settet fyr dei.

§ 17. Kongen kann gjeva og taka av rettarbøter um handel, toll, næringsvegar og politi; men dei maa ikkje strida mot grunnlovi og dei loverne, som er gjevne ved stortinget (etter fyresegnerne nedanfyre i §§'ne 77, 78 og 79). Dei gjeld millombils til næste storting.

§ 18. Kongen løt vanleg krevja inn dei skattarne og avgifterne, som stortinget fastset. Den norske rikskassa vert verande i Norig, og innkomunrne hennar vert einast bruks til Norigs tarv.

§ 19. Kongen agtar paa, at eigedomarne og regali til staten vert bruks og styrde paa den maaten, som er fastsett ved stortinget og tenlegast fyr samfundet.

§ 20. Kongen hev i riksraadet rett til aa gjeva brotsmenn naade, naar dom hev falle. Brotsmannen hev valet,

um han vil taka mot kongens naade elder lida den straffi, han er domd til.

I dei soksmaal, som odelstinget laet reisa ved riksretten, kann kongen taka fri fyr idømd livsstraff; annan naade kann han ikkje her gjeva.

§ 21. Kongen kaarar og kallar, etter han fyrst hev hoyrt sitt norske riksraad, alle borgarlege, kyrkjeloge og militære embættsmenn. Desse skal sverja, elder um dei ved lov er loyste fraa skyldnaden aa gjeva eid, høgtideleg lova lydnad og truskap mot grunnlovi og kongen. Dei kongelege prinsarne kann ikkje hava borgarlege embætte.

§ 22. Riksministrarne og dei andre, som er i riksraadet, og likeins embættsmennene ved riksraadskontori, sendemenn og konsular, dei som hev embætte som borgarleg elder kyrkjeloge yverovrigheit, hovdingar fyr regiment og andre herkorps, hovdingar i festningar og hogste hovudsmann paa herskip kann kongen gjeva avskil utan rettargang og dom, naar han fyrst hev raadfört seg med riksraadet. Um dei embættsmenn, som soleis får avskil, skal faa pension, det tek næste storting avgjerd um. Til dess får dei hava dei two tridjepartarne av den løni, dei hadde.

Andre embættsmenn kann kongen berre suspendera, og dei skal daa straks verta tiltala fyr domstolarne, men dei maa ikkje verta avsette utan etter dom og holder ikkje sette i eit anna embætte mot sin vilje.

§ 23. Kongen kann gjeva ordenar til kven han finn fyr godt, til paaskynning fyr framifraa gagnsverk, som maa verta kunngjorde offentleg; men ikkje annan rang og titel enn den, som fylgjer med kvart embætte. Ordenen loysr ingen fråa skyldnad og tyngslur, som er sams fyr riksborgarane, og holder ikkje gjev han nokon fyremun til riksens embætte. Embættsmenn, som hev fenge avskil i naade, får hava den titel og rang, som dei hadde i sine embætte.

Heretter maa ingen faa nokon personleg elder blanda erveleg serrett.

§ 24. Etter eige godtykkje vel kongen sine hoff-folk og hofftenestemenn og gjev dei avskil.

§ 25. Kongen er hogste hovding yver riksens hermagt paa land og sjø. Ho maa ikkje verta auka elder minka, minder stortingen samtykkjer. Ho maa ikkje verta yverlati til teneste hjaa framande magter; og herfolk, som hoyrer framande magter til, maa ikkje utan samtykkje fråa stortingen verta inndregne i riket (minder det er herfolk til hjelp mot fiendslekt yverfall).

I fredstider maa ikkje andre enn norske herfolk hava station i Norig, og ikkje norske herfolk i Sverik. Kongen

kann likevel i Sverik hava ei norsk livvakt av friviljuge og kann fyr ei kort tid, høgst seks vikur um aaret, kalla saman dei nærmaste herfolki av krigsmagi til baae riki til herovingar i kva som helst av riki; men ikkje maa i noko høve fleire herfolk enn 3000 mann — alle vaapen samantalte — av hermagti til det eine riket verta inndregne i det andre riket i fredstider.

Til soknings-krig maa Norigs landher og roflore ikkje verta brukta, minder stortinget samtykkjer.

Den norske floten skal hava sine verv og i fredstider sine skipslægje elder hamner i Norig.

Herskipi til det eine riket maa ikkje verta manna med sjofolk, som hoyer det andre riket til, minder dei het seg hyra friviljukt.

Landvernet og dei andre norske herfolki, som ikkje kann verta rekna fyr lineherfolk, maa aldri verta brukta utanfyre Norigs landskil.

§ 26. Kongen hev rett til aa kalla saman herfolk, byrja ufred og gjera fred, taka ved og segja upp millom-folkelege avtalur, senda og taka mot sendemenn.

Naar kongen vil byrja ufred, daa skal han vitra styringi i Norig um sine tankar og faa hennar untenkning og saman med den ei fullstendig fraasegn um tilstandet til riket med umsyn til finansar og forsvarsstell med meir. Naar so er gjort, kallar kongen den norske riksministeren og dei norske riksraadarne og dei svenske saman til eit serlegt riksraadsmote og legg daa fram dei grunnar og umstende, som i dette høvet bør koma under raadlegging; so skal og utgreidindi fraa den norske styringi um tilstandet til dette riket og sumeleis ei tilsvarande fraasegn fyr Sverik verta framlagde. Um desse ting krev daa kongen deira meinings, som dei kvar fyr seg skal gjeva til protokols under det andsvaret, grunnlovi set, og kongen hev so rett til aa taka og setja i verk den raadgjerd, han held mest gagnleg fyr riket.

§ 27. Alle riksraadar skal vera til stades i riksraadet, naar dei ikkje hev lovlegt forfall; og ingi avgjerd maa verta teki der, minder fleire enn helvti av raadsherrarne er til stades.

I dei norske sakerne, som (etter § 15) vert avgjorde i Sverik, maa ingi avgjerd verta teki, minder anten den norske riksministeren og ein norsk riksraad, elder baae dei norske riksraadarne, er til stades.

§ 28. Framlegg um embætts-utnemningar og andre vigtige saker (diplomatiske saker og dei sjølvare militære kommandosakerne undantekne) skal den raadsherre, som dei

hoyer under, maalbera i riksraadet og so ekspedera sakerne i samheve med det, som der er vedteke.

§ 29. Gjer lovlegt forfall det raadlaust fyr ein riksraad aa mota og maalbera dei sakerne, som hoyer under honom, skal ein annan riksraad, som kongen, um han er til stades, elder, i anna fall, den som hev forsætet i riksraadet saman med dei andre riksraadarne dertil set fyr høvet, maalbera desse sakerne.

Er so mange ved lovlegt forfall hindra fraa møte, at ikkje fleire enn helvti so mange raadsherrar er til stades som det skulde, skal andre embetsmenn paa same maaten millombils verta kalla til aa taka saete i riksraadet; i so fall skal fraasegn um dette utan drygjing verta send til kongen, og han avgjer, um dei skal halda ved i denne tenesta.

§ 30. I riksraadet fører dei bok yver alle sakerne, som der er fyre. Kvar den, som hev saete i riksraadet, skyldar med frihug aa segja si meinung, som kongen er skyldig til aa høyra. Men kongen hev rett til aa taka si avgjerd etter eige umdøme.

Finn nokon av raadsherrarne, at kongen tek ei avgjerd, som strider mot grunnlovi elder landsens lover, elder som andsynleg er skadeleg fyr riket, so er det hans skyldnad aa telja kraftigt ifraa og fora si meinung til protokols. Den, som ikkje soleis hev bore fram motmaele, vert halden einig med kongen og er andsvarleg fyr det, so som sidan vert fastsett, og odelstinget kann setja honom under tiltale fyr riksretten.

§ 31. Alle fyresegner, som kongen sjølv gjev (militære kommandosaker undantekne), skal ein av riksministrarne medunderskriva.

§ 32. Dei vedtak, som styringi i Norig gjer, naar kongen er burte, vert gjevne i namnet til kongen og med underskrift fraa riksraadet.

§ 33. Alle framlegg um norske saker og dei ekspeditionarne, som vert gjorde i dette tilfore, vert skriyne i det norske maalet.

§ 34. Nærmoste erving til kongsstolen ber titelen krunprins, um han er son til den kongen, som daa er. Dei andre, som er arvborne til kruna, vert kalla prinsar, og kongsdøtrerne prinsessur.

§ 35. So snart trunervingen hev fyllt sitt attande aar, er han rettkomen til saete i riksraadet, men utan royst elder andsvar.

§ 36. Ingen prins av kongstetti hev lov aa gifta seg utan loyve fraa kongen. Gjer han imot dette, spiller han retten til Norigs l-rune.

§ 37. Dei kongelege prinsarne og prinsessurne skal ikkje fyr seg sjølv personleg svara fyr andre enn kongen elder den, han set til domar yver dei.

§ 38. Baade den norske riksministeren og dei two norske riksraadarne, som fylgjer kongen, hev sæte og raad-gjevande royst i det svenske riksraadet, naar emne der vert fyrehavde, som kjem baae riki ved.

I slike saker bor dessutan umtenkning verta innhenta fraa styringi i Norig, minder sakerne krev so snogg avgjering, at det ikkje er tid til det.

§ 39. Doyr kongen og trunfylgjaren endaa er umyndig, skal det norske og det svenske riksraadet straks koma saman og i lag kalla inn storting i Norig og riksdag i Sverik.

§ 40. Til dess rikstingi i baae land hev kome saman og skipa styringi fyr den tid, kongen endaa er umyndig, skal eit riksraad, ihopsett av like mange norske og svenske menn, styra riki etter grunnlovi fyr kvart rike.

Den norske og den svenske riksministeren, som hev saete i dette samansette raad, kastar lüt um, kven som skal hava forsætet.

§ 41. Den framferd, som §§ 39 og 40 fastset, vert og fylgd, so tida det etter Sveriks styringsform hoyrer det svenske riksraadet til som riksraad aa føra styringi.

Grunnlovfysesegn fraa 10de november 1862/10de januar 1863 „um brigde i § 41 i grunnlovi, samanhalden med riksakti“:

I dei høve, daa det til denne tid etter Norigs og Sveriks grunnlover og riksaktfysesegner hev hoyrt Norigs og Sveriks millombilsstyring til aa styra riki, fyr di kongen er hindra fraa aa føra styringi anten ved reiser utanfyre sine rike elder ved sjukdom, skal den prins, som er nærmast til kongsstolen, aa segja um han hev naatt den lagalderen, som er fastsett fyr kongen, vera millombilsstyrar med same rett, som hoyrer millombilsstyringi til.

Dette vedtaket skal taka til aa gjelda, um det innan næste sedvanlege storting kjem ut ei tilsvarande fysesegn i Sverik, og fraa den tid ho kjem.¹

§ 42. Um dei nærmare skilord, som er naudsynlege i dei tilfelle, som er nemnde i §§ 39, 40 og 41, fysesler kongen fyr næste storting i Norig og riksdag i Sverik ei lov, bygd paa grunnsetningi um fullkommen jamskap millom baae riki.

§ 43. Valet paa formyndarar til aa føra styringi fyr

¹ Tilsvarande fysesegn i Sverik fraa 6te juni 1863.

den umyndige kongen vert halde etter same fyresegner og paa same maaten, som ovanfyre i § 7 er fastsett fyr val paa trunfylgjar.

§ 44. Dei, som stend fyre styringi i dei hove, som §§ 40 og 41 nemner, skal, dei norske fyr det norske stortinget, gjera denne eiden: »Eg lovar og sver, at eg vil staa fyre styringi i samhove med grunnloyi og loverne; so sant hjelpe meg Gud og hans heilage ord!« Dei svenske gjer eid fyr Sveriks riksstand.

Er ikkje stortinget elder riksdagen samla paa den tid, vert eiden skriven og nedlagd i riksraadet og vert so teken uppatt paa næste storting elder riksdag.

§ 45. So snart riksstyringi deira er enda, skal dei til kongen og stortinget gjera rekneskap fyr henne.

§ 46. Ifall ikkje dei, som det hoyrer til etter §§ 39 og 41, straks kallar saman stortinget, hev hogsterett, naar fire vikur er gjengne, den ubrigdelege skyldnaden paa seg aa kalla det saman.

§ 47. Korleis den umyndige kongen skal verta oppfostra, vert fastsett paa den maaten, som er fyresagd i §§ 7 og 43, aa segja um ikkje far hans hev late etter seg nokor skriftleg fyresegns um det.

Det bor vera ubrigdeleg regel, at den umyndige kongen før fullnogjeleg upplæring i det norske maalet.

§ 48. Hev kongsætti døytt ut paa mannssida, og ingen trunfylgjar er kaara, daa skal ei ny kongsatt verta vald etter fyresegnerne i § 7. I millomtidi vert den utovande magti skipa etter 43de §.¹

C.

Um borgarrett og den lovgjenvande magti.

§ 49. Folket utover den lovgjenvande magti ved stortinget, som er skipa i two ting, eit lagting og eit odelsting.

§ 50. Valrett hev dei norske borgaranne, som hev fyllt 25 aar, hev vore busitjande i landet i 5 aar og eig heime der.

§ 51. Fyresegner um manntalsforsla og um innskriving i manntalet av dei, som hev valrett, vert gjevne ved lov.

§ 52. Valretten vert suspendera fyr den, som
a. vert sett under offentleg tiltale fyr misgjerningar, som
kann draga etter seg tap av valretten;

¹ Naar det her er vist til § 43 i staden fyr til § 40, so er dette berre ei misskriving av redaktionsnemdi ved umfram-stortinget i 1814.

- b. vert umyndiggjord;
- c. gjev upp buet elder gjer buslit, so lengje buet hans stend under skifteretten;
- d. før hjelp hjaa fatigstellet elder i det siste aaret fyre valet hev havt slik hjelp.

§ 53. Valretten gjeng tapt fyr den, som

- a. vert domfeld fyr misgjerningar, i samhøve med fyresegner um dette i lov;
- b. utan leyve fraa styringi gjeng i teneste hjaa framand magt;
- c. vinn borgarrett i framandt rike;
- d. vert yverford, at han hev kjøpt royster, selt si eigi royst elder valt paa meir enn eitt valting.

§ 54. Valting og valmannsting vert haldne tridje kvart aar. Dei skal vera fraa-seg-gjorde, innan september maanad er ute.

§ 55. Valtingi vert styrde paa den maaten, som vert fastsett ved lov. Valstyret gjer av tvistemaal um valrett gjennom orskurd, som kann verta innanka fyr stortinget.

§ 56. Fyrr vali byrjar, skal formannen i valstyret lesa upp høgt §§ 50—64 i grunnlovi.

§ 57. I kjøpstaderne vèl dei ein valmann fyr kvar 50 innbyggjarar, som hev valrett.

Desse valmennene kjem so saman seinast aatte dagar etter paa ein stad, som ovrighei fastset, og vèl anten seg-imillom elder millom dei andre borgaranne, som i valfylket hev valrett, [fjordeparten av sitt eige tal til aa møta og taka sæte paa stortinget, soleis: at 3 til 6 vèl ein, 7 til 10 two, 11 til 14 tri, 15 til 18 fire, som er det høgste talet, nokon by kann senda.

Hev ein kjøstad færre enn 150 innbyggjarar, som hev valrett, sender han valmennene sine til nærmaste kjøpstad, der dei røyster saman med valmennene fraa denne kjøpstaden; baae kjøpstader er daa eitt valfylke].¹

§ 58. I kvart prestegjeld paa landet vèl dei innbyggjaranne, som hev valrett, valmenn i tilhove til sitt tal soleis: upptil 100 vèl ein, 100 til 200 two, 200 til 300 tri, og so framleides etter same hove.

Desse valmennene kjem saman seinast ein maanad etter paa ein stad, som amtmannen fastset, og vèl daa anten seg imillom elder millom dei andre, som hev valrett i amtet, [tiandeparten av sitt eige tal til aa møta og taka sæte paa stortinget, soleis: at 5 til 14 vèl ein, 15 til 24 two, 25 til 34 tri, 35 elder fleire fire, som er det største talet].¹

Den, som hev vore riksminister elder riksraad, kann verta vald til tingmann jamvel i valfylke, der han ikkje hev

¹ Det, som stend millom hakar, hev halde upp aa gjelda ved grunnloflysesegn fraa 2dre mai/6te juni 1878.

valrett, aa segja um han elles er valfor og ikkje alt vald til tingmann fraa noko anna valfylke. Men ikkje noko valfylke kann paa ei og same tid hava meir enn ein tingmann vald millom andre enn dei valfore borgaranne i valfylket.

Grunnlovfyrsegn fraa 4de/22de november 1902, som er sett i staden fyr §§ 1 og 2 i grunnlovfyrsegn fraa 2dre mai/6te juni 1878 um brigde i §§ 57 og 58 i grunnlovi:

§ 1. Talet paa stortingsmennene, som kjøpstaderne skal velja, vert sett til ni og tretti. Av desse v l, til dess annleis vert fastsett ved grunnlov, Aalesund og Molde ein ihop, Arendal og Grimstad ein ihop, Bergen fire, Breivik ein, Kristiania, Hønefoss og Kongsvinger fire ihop, Kristiansand two, Kristiansund ein, Dramn two, Flikkefjord ein, Fredrikshall ein, Fredrikstad ein, Hamarfest, Vard y og Vatsoy ein ihop, Haugesund ein, Holmestrand ein, Kongsberg ein, Kraakeroy ein, Larvik og Sandefjord ein ihop, Littlehamar, Hamar og Gjovik ein ihop, Moss og Drøbakke ein ihop, Porsgrunn ein, Sarpsborg ein, Skien ein, Stavanger two, Trumsoy og Bod y ein ihop, Trondheim og Levang fire ihop, Tunsberg ein og Risoyr ein.

Naar ein kj pstad, som ikkje er nemnd her, hev femti elder fleire innbyggjarar med valrett, kjem han til aa h yra under valfylket til den kj pstaden, som ligg n rmast. Det same gjeld um kj pstader, som heretter vert bygde. Ein kj pstad, som er komen til aa h yra under kj pstad-valfylke, v l serskild valmann, um han so skulde faa f rre enn femti innbyggjarar, som hev valrett. Ein kj pstad, som er eit valfylke fyr seg sjolv, v l ikkje i noko hove f rre enn tri valmenn.

§ 2. Talet paa stortingsmennene, som landsbygderne skal velja, vert sett til aatte og sytti. Av desse v l, til dess annleis vert fastsett ved grunnlov, Akershus amt fem, Nordre Bergenhus amt fem, Sore Bergenhus amt fem, Kristians amt fem, Finnmark amt two, Hedmark amt fem, Nordlands amt fem, Romsdals amt fem, Stavanger amt fem, Trumsoy amt tri, Sore Trondheims amt fem og dei sju andre ami i riket kvar sine fire.

§ 3. Dei fyresegnerne i §§ 57 og 58 i grunnlovi, som stend i strid med denne grunnlovfyrsegn, og grunnlovfyrsegnerne fraa 26de november 1859 og 26de mai 1866 um brigde i §§ 57 og 58 i grunnlovi vert hermed sette ut av kraft.

§ 59. Dei fyresegnerne, som er fastsette i §§ 57 og 58, gjeld til neste storting. Syner det seg daa, at det er fleire elder f rre stortingsmenn fraa kj pstaderne enn tridje-

parten fraa heile riket, bor stortinget, til rettesnor fyr framtid, brigda desse fyresegnerne so, at talet paa stortingsmennene fraa kjøpstaderne og fraa landet hover som ein til two.

§ 60. Veljefore borgarar, som er i riket, men som ikkje kann mota fyr skuld sjukdom, herteneste elder anna lovlegt forfall, kann senda roysterne sine i brev til dei, som styrer valtingi, fyrr desse er fraa-seg-gjorde.

Um og i kva former veljefore borgarar, som er utanfyre riket, kann faa løyve til aa senda valsetlarne sine i brev til dei, som styrer valtingi, det vert avgjort ved lov.

§ 61. Ingen kann verta vald til stortingsmann, fyrr han er 30 aar gammal og hev aatt heime i riket i 10 aar.

§ 62. Dei som er i riksraadet, og dei som hev embaette ved riksraadskontori elder er tenestemenn ved hoffet elder før pension der, kann ikkje verta valde til stortingsmenn.

§ 63. Kvar den, som vert vald til stortingsmann, er skyldig aa taka mot valet, minder han er kaara etter § 58, siste ledet, elder hev forfall, som valmennene ved orskurd finn lovlegt; orskurden kann verta undergjeven stortingsavgjerd. Den som hev møtt som tingmann paa alle tri sedvanlege storting i ein valbolt, er ikkje skyldig aa taka mot val til neste storting. Vert ein stortingsmann hindra ved lovlegt forfall, so han ikkje møter paa stortinget, daa møter i hans stad den, som næst honom hev dei fleste roysterne, elder den valde varamannen, um valmannstinget hev halde serskilt varamannsval.

§ 64. So snart stortingsmennene er valde, før dei ei fullmagt, som amtmannen paa landet og magistraten i kjøpstaderne og alle valmennene skriv under til vitnemaal um, at stortingsmennene er kaara paa den maaten, som er fyresagd i grunnlovi.

Stortinget avgjør, um desse fullmagterne er lovlege.

§ 65. Stortingsmennene hev rett til vederlag av riks-kassa fyr ferdakostnaden til stortinget og derifraa og fyr upphaldet i den tid, dei er paa stortinget.

§ 66. Stortingsmennene er, paa fjerdi til stortinget og derifraa og medan dei er paa stortinget, undantekne fyr personleg hefting, minder dei vert gripane i offentlege brots-gjerningar; og holder ikkje kann dei utanfyre stortinget verta dregne til andsvar fyr dei meinigar, som dei i stortinget hev bore fram. Etter den skipnaden, som der er vedteken, er kvar og ein skyldig aa retta seg.

§ 67. Dei som er valde til stortingsmenn paa den

maaten, som no er sagt, er tilsaman kongeriket Norigs storting.

§ 68. Stortinget kjem vanleg saman den fyrste yrkedagen etter den 10de oktober kvart aar; hovndstaden er motestad, minder kongen fyr skuld usedvanlege umstende, soleis fiendslegt innfall elder fengjande sykje, vel ein annan kjopstad i riket til motestad. Dette maa daa verta kunn gjort i tide.

§ 69. I serhøve hev kongen rett til aa kalla saman stortinget til ei onnor tid enn den vanlege. Kongen sender daa ut ei kungjering, som bor vera lyst i kyrkjurne i alle stiftsbyarne minst fjortan dagar fyrr stortingsmennene skal mota paa den fastsette staden.

§ 70. Eit slikt umfram-storting kann kongen loysa upp, kva tid han finn fyr godt.

§ 71. Stortingsmennene stend i umbodet tri samfelde aar baade ved dei sedvanlege stortingi og ved dei umfram-stortingi, som vert haldne i denne tid.

§ 72. Vert eit umfram-storting halde endaa paa den tid, som eit sedvanlegt storting skal byrja, vert umfram-stortinget opployst, fyrr det sedvanlege stortinget kjem saman.

§ 73. Stortinget vel ut fjordeparten av tingmennene til saete i lagtinget; dei andre tri fjordepartarne er odelstinget. Utvaltet vert gjort paa fyrste sedvanlege storting etter nytt val, og lagtinget vert so verande ubrigda paa alle storting i valbolken, minder det skulde vera avgang; daa vert romet utfyllt ved serskilt val.

Kwart ting held sine møte serskilt og vel sin eigen president og sin eigen sekreter. Ikkje noko av tingi kann verta halde, minder dei two tridjepartarne av vedkomande tingmenn er til stades.

§ 74. So snart stortinget hev skipa seg, opnar kongen elder den, han dertil kallar, tinget med ei tale og segjer ifraa um tilstandet til riket og um dei emne, som han serleg ynskjer aa faa stortinget til aa gjeva agt paa. Naar kongen er til stades, maa det ingi raadleggjing vera.

Naar stortinget er opna, hev riksministrarne og riksraadarne rett til aa mota i stortinget og i baae tingdeilderne, og tilliks med tingmennene, men utan rett til aa roysta, vera med i raadleggjingarne um dei saker, som er fyre, aa segja um ikkje møtet er fyr stengde dører; vert eit mote haldne fyr stengde dører, hev dei denne retten, berre naar vedkomande ting gjev loyve til det.

§ 75. Det hoyrer stortinget til:

- aa gjeva lover og taka av lover; aa leggja paa skattar,

avgifter, toll og andre offentlege tyngslur, men desse gjeld ikkje lenger enn til fyrste april aaret etter eit nytt sedvanlegt storting er kome saman, minder dette gjer nytt vedtak um dei;

- b. aa taka upp riksblaan;
- c. aa hava tilsyn med riksens pengestell;
- d. aa loyva dei pengesumarne, som er naudsynlege til riks-utgifterne;
- e. aa fastsetja, kor mykje det kvart aar skal verta ut-
betaala kongen til hans hoffhald; og aa fastsetja løni til kongehuset, men denne løni maa ikkje vera i faste eigedomar;
- f. aa faa seg fyrelagd moteboki fraa styringi i Norig, likeins alle offentlege fraasegner og brevskapar (dei sjelvare militære kommandosakerne undantekne) og rett-
kjende avskrifter elder utdrag av dei bokerne, som er forde hjaa kongen ved den norske riksministeren og dei two norske riksraadarne, som held til i Sverik, elder dei offentlege brevskaparne, som der er framlagde;
- g. aa faa fraasegn um dei avtalurne, som kongen paa riket sine vegner hev gjort med framande magter, so nær som loynlege artiklar; men desse maa ikkje strida mot dei artiklarne, som er offentlege;
- h. aa kunna krevja kven som helst til aa mota fyr seg i rikssaker — kongen og kongehuset undantekne —; dette undantaket gjeld likevel ikkje dei kongelege prin-
sarne, um so er dei hev embætte;
- i. aa gaa igjenom listurne yver millombils løner og pen-
sionar og i desse gjera dei brigde, som det finn tur-
vande;
- k. aa velja fem ettersynsmenn, som kvart aar skal gaa igjenom riksrekneskaparne og kunngjera utdrag av desse paa prent; riksrekneskaparne skal difyr verta gjevne til desse ettersynsmennene innan seks maanader etter utgangen av det aar, som stortinget hev gjeve sine pengeloyvingar fyr;
- l. aa gjeva innlendingsrett til framande.

§ 76. Alle lovforslag skal fyrst verta fyrehavde paa odelstinget; odelstingmennene elder styringi ved ein riksraad hev forslagsrett.

Naar odelstinget hev vedteke eit lovforslag, vert det sendt til lagtinget, som anten godkjenner elder vrakar det, og i siste fall vert forslaget sendt tilbake til odelstinget med merknader. Odelstinget raadlegg um desse og kann so anten leggja burt lovforslaget elder senda det paa nytt til lagtinget med brigde elder utan.

Naar eit forslag fraa odelstinget two gongjer hev vore fyrelagt lagtinget og andre gongen vorte sendt tilbake fraa dette med avslag, held heile stortinget sammote, og forslaget vert daa vedteke, dersom det fær two tridjepartar av roysterne.

Imillom kvar slik fyrehaving maa det i det minste gaa tri dagar.

§ 77. Naar lagtinget elder og stortinget i sammote hev godkjent eit vedtak, som odelstinget hev gjort, vert det sendt til kongen, um han er til stades, og elles til den norske styringi med soknad um, at det maa faa kongeleg stadfesting.

§ 78. Samtykkjer kongen i vedtaket, gjev han det si underskrift, og det vert daa lov.

Samtykkjer han ikkje i vedtaket, sender han det tilbake til odelstinget med dei ord, at han, som no det stend, ikkje finn det tenlegt aa stadfesta det. I so fall maa ikkje det stortinget, som daa er samla, fyreleggja kongen vedtaket oftare.

§ 79. Hev tri sedvanlege storting, ihopsette etter tri val i rad og aatskilde ved minst two sedvanlege storting, gjort eit og same vedtak utan brigde og utan at noko storting i tidi millom første og siste vedtaking hev gjort eit ulikt vedtak, og det daa vert kongen fyrelagt med dei ord, at hans majestet ikkje vil negta stadfesting paan eit vedtak, som stortinget held fyr gagnlegt etter den aalvorlegaste raadlegging, so vert det lov, endaa um kongen ikkje gjev stadfesting, innan stortinget skilst.

§ 80. Stortinget vert verande saman, so lengje det finn det naudsynlegt, men ikkje lenger enn two maanader utan loyve fraa kongen. Naar det hev fullenda sine gjere-maal elder hev vore saman den fastsette tidi, og kongen daa segjer det ute og enda, tek han si avgjerd um dei vedtak, som ikkje alt er avgjorde, so at han anten stadfester elder vrakar dei. Alle dei, som han ikkje serleg godkjener, vert haldne fyr vraka.

§ 81. Alle loverne vert utførde i det norske maalet og (dei etter § 79 undantekne) i namnet til kongen, under Norrigs riks-innsigle og med desse ord: »N. N. gjer kunnigt: at oss hev vorte fyrelagt vedtak fraa stortinget, fraa dagetal, lydande so: (her kjem vedtaket). Di hev me godkjent og stadfest, liksom me hermed godkjener og stadfester dette vedtaket som lov under vaar hand og riksens innsigle.«

§ 82. Kongeleg stadfesting krevst ikkje

a. til fraasegn fraa stortinget um, at det er samla som storting etter grunnlovi;

- b. til vedtak, som stortinget gjer um sitt indre styre;
- c. til vedtak, som stortinget gjer, naar det godkjener elder vrakar fullmagterne til stortingsmenn, som hev mot fram;
- d. til vedtak, som stortinget gjer, naar det stadfester elder vrakar orskurdar um val-tvistema;
- e. til vedtak fraa stortinget um innlendingsrett fyr framande;
- f. og endeleg til vedtak fraa odelstinget um tiltale mot riksraadar elder andre.

§ 83. Stortinget kann hjaa høgsterett krevja utgreiding um rettslege emne.

§ 84. Stortinget held sine møte fyr ustengde dorer, og det som er fyre skal verta kunngjort paa prent, so nær som i dei tilfelle, daa noko anna vert vedteke med roystefleirtal.

§ 85. Den, som lyder eit paabod, som hev til maal aa skipla fridomen og trygdi til stortinget, han er saka i fedralandssvik.

D.

Um den domande magti.

§ 86. Lagtinget saman med høgsterett er riksretten; han er fyrste og siste domstolen i dei sakerne, som odelsinget reiser anten mot riksraads menn elder domarar i hogsterett fyr embættsbrot, elder mot stortingsmenn fyr brotgjerningar, som dei vert saka i som stortingsmenn.

I riksretten hev præsidenten i lagtinget forsætet.

§ 87. Den, som er tiltala, kann utan aa nemna nokon grunn skjota ut upptil tridjeparten av dei, som sit i riksretten, men det maa ikkje verta mindre enn femtan mann i retten.

§ 88. Høgsterett domer som siste domstol. Han maa ikkje vera skipa av færre enn formannen og seks meddomarar.

Den aatte og aattiande paragrafen i grunnlovi skal ikkje vera til hinder fyr det, at straffesaker i samhøve med lov vert avgjorde fyr ollo, utan at dei kjem fyr hogsterett.

§ 89. I fredstider er hogsterett saman med two høge officerar, som kongen set til meddomarar, andre og siste domstolen i alle dei krigsrettssaker, som gjeld anten liv elder ere elder fridoms tap fyr lengre tid enn tri maanader.

§ 90. Hogsterettsdomarne kann ikkje i noko høve verta paaanka elder undergjevne gjenomsyn.

§ 91. Ingen kann verta kalla til hogsterettsdomar, fyrr han er 30 aar gammal.

E.

Ymse fyresegner.

§ 92. Til embætte i staten maa berre verta utnemnde norske borgarar, som talar landsens maal og

- a. anten er fodde i riket av foreldre, som daa var norske riksborgarar;
- b. elder er fodde i framande land av norske foreldre, som paa den tid ikkje var riksborgarar i noko anna land;
- c. elder som heretter bur i riket i 10 aar;
- d. elder som stortingen gjev innlendingsrett.

Likevel kann andre verta sette til lærarar ved universitetet og dei lærde skularne, til lekjarar og til konsular paa framande stader.

Ingen maa faa embætte som yverovrigheit, fyrr han er 30 aar gammal, elder som magistrat, underdomar elder fut, fyrr han er 25 aar gammal.

Berre den, som vedkjänner seg til riksreligionen, kann vera med i kongsraadet. Um dei andre embætti vert naudsynlege fyresegner gjevne ved lov.

I kva mün kvinnur, naar dei elles fyller dei vilkaar, grunnlovi set fyr menn, skal kunna faa embætte, det vert fastsett ved lov.

§ 93. Norig svarar ikkje fyr onnor riksskuld enn si eigi.

§ 94. Ei ny aalmenn borgarleg lovbok og ei straffe-lovbok skal dei gjeva ut paa fyrste, elder um det er raadlaust, so paa andre sedvanlege storting. Dessimillom stend dei loverne, som no gjeld i landet, ved lag, aa segja um dei ikkje strider mot denne grunnlovi elder mot millombils rettarboter, som i millomtidi vert gjevne.

Dei faste skattarne, som no er, stend likeins ved lag til næste storting.

§ 95. Loyverbrev um undantaking fyr lovi, um trygd mot personleg hefting, um utsetjing med skuldbetaling elder um uppreisnad maa ikkje verta gjevne, naar den nye aalmenne lovi hev teke til aa gjellda.

§ 96. Ingen kann verta domd utan etter lov elder straffa utan etter dom. Pinlegt forhøyr er ulovlegt.

§ 97. Ingi lov maa faa tilbakeverkande kraft.

§ 98. Sportlarne til retts-tenesteminnerne maa ikkje verta tyngde med avgifter til rikskassa.

§ 99. Ingen maa verta sett fast utan i dei tilfelle, som loverne nemner, og paa den maaten, som dei byd. Fyr grunnaus arrest elder ulovlegt upphald stend vedkomande den til andsvar, som er fengsla.

Ifall nokor sanksome skulde skipla den offentlege ro og ho ikkje straks skilst aat, so snart den borgarlege styremagi tri gongjer hev lese upp høgt fyr benne dei stykki i landslovi, som gjeld uppreist, kann hermagt verta brukta; elles hev riksstyringi ikkje rett til aa brukta hermagt mot riksborgaranne utan etter dei former, som i loverne er fyresagde.

§ 100. Prentefridom skal det vera. Ingen kann verta strafka fyr noko skrift, som han hev late prenta elder gjeva ut, kva innhald det so skulde hava, minder han med vilje og openberrleg anten sjolv hev vist elder eggja andre til ulydnad mot loverne, vanvyrdnad mot trudomen, mot sedugskap elder dei konstitutionelle magterne, motstand mot deira fysesegner, elder hev kome med range og ærekrenkjande skuldningar mot nokon. Frimodige ytringar um riksstyret og um kva ting som helst elles er lovlege fyr kvar og ein.

§ 101. Heretter maa ingen faa slike serrettar, som legg nye og stendige band paa næringsfridomen.

§ 102. Hus-ransakingar er ulovlege, so nær som i strafferettslege tilfelle.

§ 103. Ingen, som heretter gjer buslit, fier fristad.

§ 104. Jord og bulut kann ikkje i noko tilfelle verta forbrotne.

§ 105. Krey landsens tarv, at nokon lyt gjeva fraa seg rørleg elder fast eigedom til offentlegt bruk, skal han faa fullt vederlag av rikskassa.

§ 106. Kjopsumar og innkomur av det gods, som er kyrkja og presteskapet beneficera, skal ikkje verta brukta til anna enn til bate fyr kyrkje og presteskap og til aa fremda opplysningi. Midelen til milde stiftingar skal berre verta brukta til deira eige gagn.

§ 107. Odels- og aassetesretten maa ikkje verta avteken. Korleis han skal staa ved lag til storste nytte fyr landet og meste gagn fyr landsfolket, um det fastset fyrste elder andre storting dei nærmare vilkaar.

§ 108. Greivskap, baroni, stamhus og fideikommis maa ikkje heretter verta grunnlagde.

§ 109. Kvar borgar i riket er i regelen like skyldig til aa verna um fedralandet ei viss tid, utan umsyn til stand elder midel.

Korleis denne grunnsetningi skal verta gjenomført, kva undantak ho bor hava, og um det er landsgagnlegt, at

verneskyldnaden held upp med det 25de aaret, vert yverlate til fyrste sedvanlege storting aa taka avgjerd um, naar ei nemd fyrst hev fenge til vegar alle upplysningiar. Til dess stend dei fyresegnerne, som no gjeld, ved lag.

§ 110. Norig held ved aa hava sin eigen bank og sitt eige penge- og myntstell; korleis desse ting skal verta skipa, vert fastsett ved lov.

§ 111. Norig hev rett til aa hava sitt eige handelsflagg. Orlogsflagget vert eit unionsflagg.

§ 112. Viser røynsla, at denne grunnlovi fyr kongeriket Norig treng brigding i noko stykkje, skal forslaget um brigde verta framsett paa fyrste sedvanlege storting i ein valbolt og kunngjort paa prent. Men det er fyrst eit av dei sedvanlege storting i næste valbolt, som det hører til aa avgjera, um brigdingsforslaget bør verta vedteke elder ei. Og aldri maa eit slikt brigde strida mot grunnsetningane i denne grunnlovi, men einast gaa ut paa slike tiljamningar i ein skilde fyresegner, som ikkje brigdar aandi i denne riksskipnaden, og maa dei two tridjepartarne av stortinget vera samde um eit slikt brigde.



Depotbiblioteket



77sd 69 737